


PÅ SKJERMEN: 	I TIMEN: Denne timen handlar om kvardagsrasisme, og om det som kan få menneske i landet vårt til å føle at dei ikkje er ønska eller høyrer til her sjølv om dei har budd her i fleire generasjonar. Vis Mo Ayn - Flagget På Brystet (m/ Jonas Benyoub) Snakk eventuelt saman om kva Mo Ayn og Jonas Benyoub nemner som eksempel på kvardagsrasisme i denne videoen. Har dei rett i at media framstiller det på denne måten: Norsk når ein gjer noko bra – utlending når ein gjer noko dumt?
Intensjon og effekt I denne oppgåva er poenget at elevane skal bli meir medvitne om at ting ein seier til nokon med ein ikkje-typisk nordisk utsjånad kan opplevast vondt sjølv om intensjonen er god eller nøytral. La dei jobbe i grupper og kvar guppe får eit ark med mange ulike utsegner og eit A3-ark med eit diagram å plassere dei i. Gi dei helst saks og limstift til denne oppgåva slik at dei kan klippe ut og lime på. Oppgåva har ikkje ein soleklar fasit, og som kjent kan utsegner forandre innhald etter korleis dei blir uttalt, ansiktsuttrykk og kroppsspråk. Difor kan elevane argumentere ulikt for korleis dei plasserer ting. Det er lurt å vise oppgåva på skjermen før dei startar så de sikrar at alle har forstått den. Alle setningane	
	Sjå Daniel Obede - Hvit Nok
Om vi våkna en dag og det ikke lenger fantes rasisme, hvordan ville ulike mennesker lagt merke til at rasismen var borte?	Etter musikkvideoen kan elevane bruke dette spørsmålet til å finne ut korleis kvardagsrasisme merkast, og dermed korleis ein ville oppdaga det om den var borte. Dei har fått mange eksempel gjennom det dei har gjort til no i timen, men nokre vil treng meir hjelp.
Sjå Kort fortalt - Livsmestring - NRK TV	
	Tren på å stå opp mot rasisme. Vis først handlingshjulet og dei ulike alternative måta ein kan vere ein alliert på. Kanskje kjem elevane på fleire måtar også! La elevane jobbe saman igjen med å bruke hjulet til å vurdere kva som ville blitt opplevd hjelpsam i ulike situasjonar. De kan anten kome på situasjonar sjølv, eller bruk arket med eksempel å trene på.
El lita pusteøving? 	I løpet av timen, og elles i løpet av månaden, kan de gjerne bruke denne lille pusteøvinga 478 pusteøvelse (youtube.com)
Jobbe videre? Det er mange som har laga gode undervisningsopplegg om dette temaet, sjå eksempel i Til læraren.	

	Er det bra nok å <i>ikkje</i> vere rasist? Sjå Slengmedlepsi - YouTube Kanskje treng nokon at du seier at dette ikkje er ein ekte diagnose, men at i praksis stemmer det at det å bruke slike ord festar seg i hjernen og blir delvis automatisert. Når ein skal slutte å bruke slike ord vil det difor krevje litt innsats. Både frå den som brukar orda, og dei som er rundt.
	Denne er også fin til dette temaet How do you see race? - YouTube